



[Boka Heia Trio fortel også om stemnesmarbeid og personar frå Uskedalen.](#)

Jubileumboka Heia TRIO er lansert, med over 250 sider historisk stoff med bilete og statstikk. Bakgrunnen er at på nyåret 2021 er det 75 år sidan idrettslaget TRIO vart skipa, ei samanslåing av to fotballag og eit idrettslag i område Husnes, Sunde og Valen. Skriftnemnda med Ivar Vaage som redaktør har samla laget si søge mellom to permar i ei praktbok. Samarbeidet med Uskedalen og Rosendal kjem også fram, mellom anna om Ivar B. Arnesen som trenar for A laget på 1980 og 90 talet.

Det var pokalkampar i friidrett mellom Husnes Idrottslag (namnet før det vart TRIO), Uskedal Idrettslag og Rosendal Turnlag alt på 1940 talet. Det var tevlingar på omgang som gjekk til langt ut på 1960 talet. Uskedalen hadde den gongen mange gode i fritidrett, mellom anna Edvin Kjerland, Lars Magne Haugland, Sigurd Haugland, Ståle Eik, Ivar B. Arnesen og Hallvard Døssland.. Årstein Eik og Åge Magne Nerhus kom seinare med, mellom anna som deltakarar i Sunnhordlandsmeisterskapet i friidrett. Den siste pokalen vart vunnen av Uskedalen til odel og eiga.

TRIO spelearane i fotball reiste til Uskedalen med lastebil eller med skøyte. I 1962 hadde ikkje Uskedalen fotballag i serien. Då spelte dei på TRIO. Ivar B. Arnesen var trenar for A laget på 1990 talet. Han førte TRIO frå 5. til 3. divisjon i 1990. Opprykk i to divisjonar hadde sin bakgrunn i omlegging av divisjonssystemet. Det er truleg den eine gongen dette kunne skje.



TRIO sitt A lag på 1980 talet med Ivar B. Arnesen som trener. I fyrste rekkje finn vi mellom anna: Åge Myklebust (nr. 1 frå v.), John Myklebust (nr. 5 f.v.), Odd Steinar Arnesen (nr.6 f.v.).


TRIO var alltid med på Standstafetten i Uskedalen, årleg 1. mai. I boka finn vi eit kjekt bilete av jentelaget deira som vann sin klasse i 1990.

Uskedal Idrettslag var skipa i 1927. TRIO boka vil vera eit føredøme for Uskedalen med å få ein oversikt over arkivmateriale frå Idrettslaget si saga og på sikt få det publisert i ei bok.

Boka Heia TRIO kan kjøpast på bokhandelen.

Tekst/ nett: Kristian Bringedal

Foto: Faksimile og bilete frå boka.



TRIO har fått si praktbok med framfrå tekst og mange bilete og illustrasjonar.